

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.02.2014

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### Vedtak

1. Arkeologisk registrering av areal knytt til Isdal pumpe og kraftverk i Isdøla – Eidfjord må i medhald av Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner § 9 gjennomførast før Hordaland fylkeskommune kan gje fråsegn til planen. Undersøkningsplikta må vere oppfylt før ein kan gje konsesjon.
2. Av omsyn til hekkande storlom (VU (sårbar)) må vasstanden i vatnet ikkje verte påverka av inngrepa. Ein må vere særskild merksam på at vasstanden er kritisk viktig i reirperioden frå ca. 15 mai til 1. juli.
3. Statkraft må unngå forstyrring av hekkande dobbeltbekkasin (NT (nær trua)).
4. Våtmarksområdet nordaust for vatnet er eit nøkkelområde for ender og vadarar og må takast vare på.
5. Friluftslivkvalitetar i området skal ikkje svekkjast nemneverdig.
6. Statkraft sine eigne forslag til avbøtande tiltak er positive og nødvendige tiltak:
  - Minstevassføring
  - Støydempande tiltak
  - Miljøtilpassa byggeløysning:  
Kraftstasjonen og inngrep i terrenget elles må, så langt mogeleg, bli utført på ein skånsam måte og med materialval som passar til omgivnadene.
  - Revegetering:  
Ein må leggje vekt på ein god vegetasjonsetablering med eit landskapsmessig godt resultat. Revegeteringa skal, så langt mogeleg, ta utgangspunkt i stadeigen vegetasjon med gjenbruk av avdekkingsmassar. Tilsåing vert utført med frøblandingar frå stadeigne artar, dersom det er mogeleg.
7. Fylkesutvalet er positiv til Statkraft sine planar under føresetnad av at punkta 1-6 er oppfylte.